

**Sakshandsamar:**
 Idar Sagen  
 E-post: idar.sagen@sfj.no  
 Tlf.: 41530964
**Vår ref.**
 Sak nr.: 15/13110-10  
 Gje alltid opp vår ref. ved kontakt
**Internt l.nr.**

2155/16

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 19.01.2016

**Vedlegg til sak:**
**Høringsuttale til søknader om løyve til å bygge 12 småkraftverk og opprusting/utviding av tre kraftverk i Gloppen kommune.**
**Saksutgreiing for Sesselva kraftverk**
**1. Omtale av tiltaket.**

Sesselva renn ned frå østsida av Hyenfjorden. Terrenget er bratt og elva går delvis over berg, i kløft/juv og i steinur. Ned den siste strekninga mot fjorden renn ein del av vatnet gjennom stein-grunn/ur under bakkenivå og er lite synleg ved små vassføringar. Fylkesveg 615 kryssar elva nede ved fjorden. Løpet til Skasvora litt lenger nord er rasutsett og det er bygt rasoverbygg over fylkes-vegen med ei renne der elva og raset kan gå. Det ligg eit stort massedeponi ovanfor fylkesvegen mellom Skasvora og Sesselva. Ein anleggsveg går opp gjennom massedeponiet og endar opp omlag der det er tenkt tunnelpåhogg for vassvegen. Det går ei 22 kV kraftlinje utover langs fjorden ovanfor fylkesvegen. Søkjar er grunneigar Torill Solheim Holme. Konsulent er Rådgivende Ingeniør Atle Wahl AS, 1397 Nesøya.

## Sesselva kraftverk

<b>Tilsig</b>	
Nedbørsfelt , km <sup>2</sup>	2,0
Middelvassføring ved inntaket, m <sup>3</sup> /sek	0,245
Alminneleg lågvassføring ved inntaket, liter/sek	12
Fem-persentil* sommar (mai-sept.), liter/sek	17
Fem-persentil* vinter, liter/sek	10
Restvassføring liter/sek **	37
<b>Kraftverk</b>	
Inntak, kote	445
Avløp, kote	13
Lengde påvirka elvestrekning, km	0,95
Brutto fallhøgde, meter	432
Slukeevne, maks m <sup>3</sup> /sek	0,735
Slukeevne, min m <sup>3</sup> /sek	0,037
Installert effekt, maks MW	2,45
Planlagt slepp av minstevassføring, sommar/vinter, liter/sek	12/12
Brukstid, timar	2706
<b>Produksjon</b>	
Årleg middel, GWh	6,63
<b>Økonomi</b>	
Utbyggingskostnad, mill. kr.	29,1
Utbyggingspris, kr/kWh	4,4

\* Den vassføringa som blir underskriden 5 % av tida.

\*\* Middelvassføring frå restfeltet nedstrøms inntaket til avløpet frå kraftstasjonen.



Sesselva midt i bildet. Plantefelt med gran til høgre for utløpet.  
Rasoverbygg med elva Skasvora til venstre.

Ved inntaket på kote 445 skal det byggast ein betongdam med lengde ca. 8 og høgde ca. 2 meter. Det skal ikkje byggast veg opp og arbeidet skal utførast ved hjelp av helikopter. Neddemt areal vil bli ca. 600 m<sup>2</sup> og volum ca. 900 m<sup>3</sup>. Vassvegen er planlagt som 920 meter bora sjakt/tunnel og ca. 70 meter nedgravd rørgate nederst før kraftstasjonen ovanfor fylkesvegen. Det går veg opp i steindeponiet frå fylkesvegen og det må i tillegg byggast 40 meter ny veg fram til kraftstasjonen. Steinmasse frå arbeidet med vassvegen i fjell vil bli brukt til bygging av veg, omfylling av rør mm. Ev. overskytande masse vil bli deponert i område der det frå før er deponert masse. Nettilknytning skal skje ved å legge ein 200 meter lang jordkabel opp til næraste mast i 22 kV kraftlinja som passerer ca. 50 meter ovanfor den planlagde kraftstasjonen.



Inntak, vassveg og stasjon i svart. Massedeponi og rasoverbygg over Skasvora nord for Sesselva.

## **2. Verknader for miljø, naturressursar og samfunn (frå søknaden)**

### Hydrologi

Tilsiget frå restfeltet (mellom inntaket og kraftstasjonen) er berekna til 37 liter/sek i middel like ovanfor den planlagde kraftstasjonen. I eit middels vått år vil vassføringa ved inntaket vere større enn slukeevna i kraftverket i 70 dagar. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 12 liter/sek frå inntaket heile året. Dette tilsvarer alminneleg lågvassføring.

### Vasstemperatur, isforhold og lokalklima. Grunnvatn, ras, flaum og erosjon.

Det er ikkje venta nemnande negative konsekvensar av aktuelle inngrep.

### Biologisk mangfald. NNI-Rapport 321, 2012. Sitat frå samandraget side 3:

Samlet verdi for naturmangfoldet i tiltaks- og influensområdet er vurdert til nivået *liten til middels verdi*. Elvestrekningen som blir påvirket, mellom inntak og stasjon, har et lite potensial for et større biomangfold enn hva som er avdekket i denne undersøkelsen (botaniske forhold). Noe større usikkerhet for zoologiske forhold. Når det gjelder akvatiske forhold, er ikke bunndyr kartlagt. Forhold for fisk er dårlig. Omfanget av en utbygging vurderes til nivået *middels negativt omfang*, vektet tyngst av endringer i de hydrologiske forhold i elven og påvirkninger på det akvatiske biomangfoldet, mindre av de terrestre inngrep som i hovedsak vil påvirke vanlige naturtyper ved inntak og stasjonsområdet. Vannveien i tunnel bidrar mye til et lite omfang av inngrep i det terrestre naturmiljøet. Avbøtende tiltak vil kunne redusere de negative konsekvenser på lokalt naturmangfold. Ut fra vår datafangst om naturtyper og arter i tiltaks- og influensområdet fra primo oktober 2012, vurderes den negative konsekvens av den planlagte utbygging samlet sett til *nivået liten til middels negativ konsekvens* for det biologiske mangfoldet. Potensial for spesielle artsfunn i det terrestre naturmiljø vurderes som lite og usikkerhet i kunnskapsgrunnlaget og de faglige vurderinger om det terrestre naturmiljøet som begrenset. Usikkerhet er noe større for det akvatiske naturmiljøet og artsmangfoldet tilknyttet dette. Planlagt minstevannføring med 12 l/s (lik alminnelig lavvannføring), vil avbøte en del av de negative virkninger på det akvatiske biomangfold og kantsonens vekster.

### Landskap

Ikkje vurdert.

### Kulturminne og kulturmiljø.

Det vart utført ei kulturminnekartlegging nord for elva i samband med rassikringsarbeidet der. Det vart ikkje funne noko av interesse. Gjennom datasøk og synfaringar i tiltaksområdet er det ikkje registret kulturminne eller kulturmiljø.

### Brukarinteresser/friluftsliv, sitat side 21 i søkn.

Området brukes i dag primært til hjortejakt noen uker om høsten. Det er ikke fiske i elva på strekningen som planlegges utbygd siden det ikke går fisk i elva. Det går en nokså uframkommelig sti på sørsiden av elva, men det er ikke et turområde pga. det bratte terrenget. Det er heller ikke vanlig at turistene stopper opp siden elva ikke er synlig fra fylkesvei 615.

### Samfunnsmessige verknader

Aktuell investering er kalkulert til 29 mill. kroner. Ein del av anleggsarbeidet vil kunne utførast av lokale entreprenørar. Energiproduksjonen vil gje inntekter til utbyggarane og samfunnet rundt. Utbyggingsprisen er berekna til 4,40 kr/kWh, som er godt over middels pris.

### Sumverknader/samla belastning, sitat s. 23 i søkn.

Verken vanntemperatur, ferskvannsressurser, grunnvann, brukarinteresser, almenne interesser, jord- og skogressurser blir påvirket i negativ retning. Det er heller ikke ras, kulturminner eller reindrift i området. Vassdraget er ikke omfattet av verneplan for vassdrag og inngår ikke blant nasjonale lakse-vassdrag. Konsekvensen for det biologiske mangfoldet ved den planlagte utbyggingen, vurderes samlet sett til nivået *liten til middels negativ*. Hele området hvor rørgate, kraftstasjonsbygning og nettilknytning er planlagt, er fra før impediment etter at det er forlagt masser etter skredsikringstiltak. Det blir i praksis ikke beslaglagt mer uberørt natur. Eneste uberørte areal som beslaglegges er ca. 0,6 daa fjellvegetasjon og bjørkeskog av liten verdi ved dam og inntak. Inngrepet ansees derfor å gi en svært liten samlet belastning.

### Avbøtende tiltak

Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 12 liter/sek frå inntaket heile året. Dette tilsvarer alminneleg lågvassføring.

## **3. Fylkesrådmannen si vurdering av søknaden**

Fordelane ved tiltaket er først og fremst av økonomisk karakter og knytt til ein energiproduksjon på 6,63 GWh/år. Kraftverket vil bidra til lokalt og regionalt næringsgrunnlag og skatteinntekter. Planlagt investering i tiltaket er 29,1 mill.kr. Utbyggingsprisen er berekna til 4,40 kr/kWh, som er godt over middels pris. Ulempene vil vere knytt til skade og inngrep for m.a. landskap og brukarinteresser i samband med bygging av inntak, nedgravd rørgate, påhogg for vassveg i fjell, kraftstasjon med utløp i elva ovanfor fylkesvegen og redusert vassføring i Sesselva over ei ca. 1 km lang strekning.

#### Landskap, friluftsliv og turisme.

Sesselva ligg i fjordlandskap, men her er ikkje fossar som er markerte som viktige landskapselementet, jf. fylkeskommunen sin regionale plan. Elva er lite synleg frå fylkesvegen, men er meir synleg frå fjorden. Det er ingen busetnad på andre sida av fjorden og der er svært lite ferdsel. Det er ingen busetnad nær tiltaksområdet og det er svært lite ferdsel langs elva.

#### Kulturminne frå nyare tid

Dersom det vert gjeve løyve til utbygging, slik at viktige og markerte kulturminne frå nyare tid, etter år 1537, vert direkte eller indirekte råka, må tiltaket justerast på ein slik måte at kulturminna kan takast vare på. Det må ikkje gjerast skade på kulturlandskapselement som geiler, vegar, stein-gardar, bakkereiner, bygningar eller andre synelege spor etter tidlegare landbruksaktivitet i området. Gamle ræser og vegar er også kulturminne og viktige element i landskapet. For å få minst moglege synelege spor i landskapet og ei raskare revegetering, er det viktig å nytte naturleg vegetasjon frå staden (torv) til dekking av deponi, vegskråningar og riggområde etter at anlegget er fullført.

#### Automatisk freda kulturminne.

Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i Lov om kulturminne, er ikkje oppfylt. Det er dermed ikkje klart i kva grad automatisk freda kulturminne (tidlegare fornminne) blir direkte eller indirekte råka av tiltaka i søknaden. Dersom det blir gjeve konsesjon, må tiltakshavar si undersøkingsplikt gjennomførast i samband med utarbeiding av MTA-plan. Tiltakshavar er ansvarleg for å ta skriftleg kontakt med Kulturavdelinga i fylkeskommunen i samband med undersøkingsplikta. Dersom det blir gjeve konsesjon, ber vi om at NVE set dette inn i konsesjonsvilkåra.

Ei registrering må gjerast på snø- og telefri mark. Det må takast kontakt med Kulturavdelinga i god tid før arbeidet kan gjennomførast og bereknast tilstrekkeleg tid til evet. etterfølgjande arbeid. Tiltak og anleggsverksemd må tilpassast kulturminne og kulturminneområde.

Krav om oppfølging av tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. § 9 i samband med utarbeiding av MTA-plan, må settast som konsesjonsvilkår.

#### Vurdering og konklusjon.

Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket vil innebere små ulemper i høve til kulturminne, landskap og brukarinteresser, og vil rå til at det vert gitt løyve. Krav om undersøking i tråd med kulturminnelova § 9 skal settast som konsesjonsvilkår.